

# Velkomen til LANDLIGGJA PÅ STEND 16.09.06



Følg i kjølvatnet og hjulspora til  
byfolk på landliggja på 1930-1950-talet



## Stort arrangement på Hordamuseet og Stend Stasjon i regi av *Historieverkstaden ved Hordamuseet* i samband med kystkulturmonstringa *Kystsogevekene*.

Det vert arrangert tur frå Bergen til Stend og Hordamuseet med fjordabåten MS Eitrheim og veteranbussar frå Gaia. Slik reiste ein på 1930-1950-talet, då byfolk drog på landet i ferien og på fridagar. Ein kan velja om ein vil ta turen med båt frå Bergen til Stend kai og med buss attende til Bergen via Stend stasjon eller omvendt.



På båten vil dei reisande møte ein forteljar som fortel om landliggja og sjøferdsel mellom dei bynære områda og Bergen. Det vil verta servert tradisjon mat om bord på båten og i kafeen i landhandelen på Hordamuseet. I krambua kan ein dessutan kjøpa med seg godt gamaldags kandissukker og andre minne om turen på landet. På museet får ein ta del i eit gjestebod slik det var i gamle dagar, med saft og frukt, og bonden fortel om gard og grøda.

På Stend stasjon langs gamle Nesttun-Osbanen får publikum høyre korleis toget vart til gjensidig glede og nytte for bønder og byfolk. Ein kan vitja postmeistaren om bord i postvogna på Osbanen, og senda helsing heim.

Pris alt inkludert kr 350. For tinging av plass kontakt Hordamuseet på telefon 55 11 29 00 el. e-post [post@horda.museum.no](mailto:post@horda.museum.no). For nærare informasjon om arrangementet ta kontakt med Marta Rykkje på telefon 55 11 29 00 / 957 68 951 eller e-post [marta.rykkje@horda.museum.no](mailto:marta.rykkje@horda.museum.no). Med atterhald om mindre endringar vedkomande tider.

Vi gjer merksam på to alternative reisemåtar:

### Frå Bergen med MS Eitrheim:

Båt frå Bergen kl 11.00, framkomst til landliggja på Stend kl 13.00. Buss til Stend Stasjon kl 14.00, og vidare til Bergen med buss kl 15.00. Det vil òg verte høve til å vitja bensinstasjonsmuseet i Lars Hillesgt.

*Det enno er uvisst om båten vil gå frå Dreggen eller Blomstertorget.*

### Frå Bergen med veteranbuss:

Buss frå Bergen kl. 11.00, framkomst Stend stasjon kl 11.45. Vidare med bussen til Hordamuseet kl 13.00 til landliggja, deretter avreise frå Hordamuseet med båt. kl 15.00.



HORDAMUSEET



BERGEN KOMMUNE  
FANA OG YTREBYGDA  
KULTURKONTOR



### Avslutt gjerne dagen med *Kystgildet 2006*

Attende i Bergen har dei som ønskjer høve til å delta på Kystgildet i Grieghallen, den storstilte avsluttinga på *Kystsogevekene*.

For program, informasjon og billetter sjå [www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no) eller ta kontakt med Kystsogevekene på tlf. 55 23 91 73 / 917 12 971 eller e-post [kystsogevekene@post.hfk.no](mailto:kystsogevekene@post.hfk.no).

**Kystsoge**  
vekene 2006

**HISTORIEVERKSTADEN** er eit samarbeid mellom historielaga og andre historieinteresserte i Fana og Ytrebygda, Hordamuseet og Kulturkontoret i Fana og Ytrebygda, Bergen kommune. Historieverkstaden skipar til arrangement og lagar utstillingar på Hordamuseet.